



Radøy kommune v/Tore Rikstad  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1650 - 15/11525

Saksbehandlar:  
Line Hervig  
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:  
30.09.2015

## Byggesak Gbnr 45/1/54 Manger - opprustning avkjørsle og parkering - søknad om løyve til tiltak - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 251/2015

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

**Adresse** : Mangersnesvegen  
**Tiltakshavar** : Radøy kommune  
**Ansvarleg søker** : Ing. Taule AS  
**Søknadstype** : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett – eitt-trinnsøknad

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om opprusting/utvidning av snuplass og parkeringsareal ved innkøyring til Manger Barneskule på eigedom gbnr.45/1/54 Manger.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid og støttemurar, samt opparbeiding av avkjørsle, interne vegar og parkering.

Det vert elles vist til søknad mottatt 28.08.2015 og supplert 22.09.2015.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Manger sentrum er definert som område for offentlege bygningar. Tiltaket er i tråd med plan.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg føre slik merknader frå eigar av gnr 45 bnr 1 fnr 25 og 27 ved brev av 14.09.2015:

### **Vedrørende Nabovarsel sendt til oss i forbindelse med Opprusting / utviding av snuplass og parkeringsareal ved innkøyring til Manger Barneskule**

#### **Navn på plan: Manger sentrum ID 12602007000800**

Vi som direkte naboer av Manger Barneskule trenger å få informasjon om hva parkeringsplassen skal brukes til, og hvordan det er tenkt det skal håndheves.

Vi har innvendinger mot flere parkeringsplasser rett foran inngangen til skule og rett foran våre egne innkjørselsveier.

#### **Økt trafikk:**

I mange år har vi opplevd store problemer med biltrafikk rett foran innkjørsel til våre eiendommer. Det er i praksis slik at det er mange foreldre som bruker å kjøre ungene sine til og fra skule med bil og parkere bilene hvor dem finner plass.. Det er bestandig flere biler som står parkert en det er parkeringsplass til og det er mange ganger slik at bilene står utenfor oppmerkede P plasser og blokkerer innkjørsel til våre tomter. Det er ikke mulig for oss å få tak i eier til bilen før den kommer selv tilbake til bilene sine. Mange ganger har vil fortalt at eierne ikke får lov å parkere bilene utenfor oppmerkede områder. Til og med Skule har gjentatt e ganger sendt brev til foreldrene.. uten at situasjon har blitt bedre.

#### **Barna's sikkerhet:**

Dessuten oppstår det mange ganger farlige situasjoner for barna som går forbi alle (feilparkerte) bilene. Når foreldre kjører bort igjen trenger dem å rygge at og fram (fordi det står alt for mange biler) midt i perioden hvor det er mange unger som kommer forbi.

Vi ser disse farlige situasjoner hver dag og er bekymret på vegne av barna og frustrert på vegne av vår situasjon.

#### **Innvendinger:**

Parkeringsløsningen som er forespeilet med 5 ekstra parkeringsplasser (10 biler) rett foran hovedinngangen til skolen hvor alle barna ferdes forbi, kan ikke vi bli enig i på grunn av

- 1) økning trafikk mengden, flere biler som parkerer, flere biler som kjører inn og ut på et smalt område (7,5 m.)og

- 2) Det gir en økt sikkerhetstrussel for barna som ferdes innenfor det mest trafikkerte delen av den nye planen.

- Ennå flere biler kommer til å kjøre helt innerst der hvor barna kommer inn fra både høyre og venstre siden.
- Det er tegnet inn egen gangfelt på høyre og venstre siden av parkeringsplassene. Bli gangfeltet på venstre siden, mot boligene, et opphøyd gangfelt? Som gir økt sikkerhet for barna som ferdes der.
- Er 7,5 m. bredde mellom venstre gangfeltet og parkeringsplassen nok til at bilene kan rygge

på en trygg måte, hvis det er ikke er et opphøyd gangfelt?

- På planen stopper gangfeltet på venstre siden like foran parkeringsplass nr. 2, så det betyr at 2 biler må rygge mens barna går på veien uten gangfelt, bak langs disse to biler. vi spør oss da om 7,5 meter er nok til å rygge uten at disse barna er sikret helt til skule inngangen.
- På planen står parkeringsplass nr. 10 inntegnet som en Handicap parkeringsplass. Den bør plasseres helt innerst, som første P-plass i tråd med universell utformings vedtak i

kommunen. Å plassere handicap P-plass lengst vekk fra skolen er ikke i tråd med universell utforming.

Løsningen av den nye rundkjøringen kan vi ikke bli enig i:

- Ved rundkjøringen er det bare en mulighet til å levere ungen trygt på gangfeltet på høyre siden. Dette kommer til å gi problemer og folk kommer til å slippe barna ut av bilene, lengre frem i rundkjøringen, men samme problematikken som det er nå. Vi ser ingen forbedring ved de nye planene.
- Akkurat ved det punktet hvor det er tryggest å levere barna på gangfeltet på høyre siden er det den smaleste delen av in og utkjørselen, hvor det i den nye planen skal inn 5 ekstra biler. Her blir det et oppsamlingspunkt og mer trafikk enn nå.
- Bredde på den minste delen, mellom parkeringsplass nr. 10 og det gamle gangfeltet på venstre siden foran bolighus nr. 27 er ikke angitt. Den sees ut til å være smalere enn 7,5 m. og det betyr at det ikke er mulighet for 2 biler å passere. Akkurat her må ungene gå av det gamle gangfeltet og langs forbi innkjørsel til bolighus nr. 25, uten merkning på veien, til det nye gangfeltet på venstre siden. Her kommer det til å bli en oppsamling av biler, in og ut kjørsel rett foran innkjøring til både bolighus nr. 25 og nr. 27 som ikke er ønskelig. Det blir økt trafikk og flere barn som skal forbi. Økt sikkerhets trussel for barna.

Parkerings atferden:

- Planen vil ikke utgjøre noe løsning for den følgende problemstillingen: **parkeringsatferden** til foreldrene som setter bilene sine på ikke oppmerkede felt. Mange velger bestandig å parkere i utenfor oppmerkede p-plasser istedenfor å kjøre litt tilbake bak COOP hvor det er trygd for å ungene å gå ut og inn av bilene.

Vi som nærmeste naboer vil ha en mye bedre regulering og ikke minst håndheving av parkeringen foran skolen. Det kommer ikke fram i planene for opprustning av parkeringsplassene og innkjørsel til Manger Barneskule som vi har fått.

Vi som nærmeste naboer ønsker ikke flere p-plasser rett foran vår egen innkjørsel.

Vi som nærmeste naboer anbefaler å følge helsedirektoratet sin forslag om økt gangvei til og fra skulen og ønsker at P-plassene legges ved Coopen. Ingen p-plassen verken for de ansatte og for foreldrene i nærheten av skulen. Forskningen viser at dette gir en stor helsegevinst, bedre trafikk sikkerhet for barna og ingen utgifter for kommunen.

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknad ved brev av 22.09.2015. Ansvarleg søker opplyser at:

## **Svar på merknad til nabovarsel –snuplass, parkering v/ innkøyring til Manger barneskule på gbnr 45/1/28.**

Viser til Dykkar brev med merknader i overnevnte byggjesak.

Vi som ansvarleg søkjar har drøfta merknadene med tiltakshavar, Radøy kommune, som har følgjande kommentarar.:

Utviding og tilrettelegging av areal for parkering og fortau blir gjort for å auka trafikktryggleiken for Manger skule. Mot slik det er i dag oppnår vi no å få eit markert skilje mellom bilistane og dei gåande. Parkeringsplassane vil verta merka og fortaua verta opphøgde i høve til parkerings-og trafikkarealet.

Ut frå elevtalet kan vi ikkje sjå at trafikken vil auka noko særleg i høve til i dag, i denne samanheng må merkast at det er elevar som ikkje blir køyrd heilt inn til skulen.

Parkeringsareal med parkeringsplass og ryggeareal vil bli opparbeidd etter standard norm og snuplass vil bli opparbeidd slik at også større bilar kan klara svingradiusen utan å rygga.

Tilkomsten/avkjørsla til skulen er i tråd med godkjent reguleringsplan og ligg saman med omsøkte tiltak innafor det som i planen er definert som offentleg føremål .

Mvh Tore Rikstad

Ut over dette har kommunen kome til at breidda på fortauet vert redusert til 1,5 meter for å auke breidda på vegen og gi betre plass .

Det er ikkje vist HC parkering. Den kan plasserast innerst ved plass nr 1 der det er utvida areal mot skulen. Dette kan avklarast før oppmerking av plassane.

Åtferda til foreldre som leverer borna er ikkje kommunen sitt ansvar og kan vanskelig regulerast. Som Rikstad nemner er tiltaket i tråd med arealformålet i reguleringsplanen og tiltaket vert sett i verk for å betre tryggleiken for borna.

### **Plassering**

Plassering er vist i situasjonsplan datert 03.09.2015.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 4,5 meter.

Tiltaket er ein vidareføring av vegtrasseen, og er plassert innafor byggjegrænse i plan.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med plan- og bygningslova § 27-4.

Avkjøring til offentlig veg følgjer av reguleringsplan.

Situasjonsplanen viser oppstillingsplass for 10 bilar.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser gangtilkomst, parkering og avkjørsle.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Flom, skred og andre natur- og miljøforhold**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:**

#### **Nabomerknad**

Eigar av gbnr 45/1/25 og 27 viser i sin merknad til at tiltaket vil medføre 1) økt trafikk og 2) en økt sikkerhetstrussel for borna som ferdes i området.

1). Økt trafikk:

Nabo har anført at dei har opplevd store problemer med biltrafikk foran innkjørsel til sine eigedomener då foreldre som skal levere borna på skulen parkerar utanfor oppmerka parkeringsplass og blokkerar innkjørsla til naboanes eigedomar. Nabo anfører og at dei meiner at parkeringsplassen er for smal til at bilane kan rygge på trygt vis.

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknaden som følgjer:

Ut i frå elevtalet kan vi ikkje sjå at trafikken vil auka noko særleg i høve til i dag, i denne samanheng må merkast at det er elevar som ikkje blir køyrd heilt inn til skulen.

Parkeringsareal med parkeringsplass og ryggeareal vil bli opparbeid etter standard norm og snuplass vil bli opparbeid slik at også større bilar kan klara svingradiusen utan å rygga.

Ut over dette har kommunen kome til at breidda på fortauet vert redusert til 1,5 meter for å auke breidda på vegen og gi betre plass.

Bygningstyresmakta sin vurdering:

Tiltaket er i tråd med godkjent reguleringsplan og ligg innafør område regulert til offentlege føremål. Dette tiltaket skal utførast for å betre trafikksikkerleiken i området ved at det vert fleire oppmerka parkeringsplassar og betre plass for bilar til å snu utan å måtte rygga. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil medføre noko aukning i trafikk, men at tiltaket vil betre forholda på parkeringsplassen.

Det er bygningstyresmakta sin vurdering at tiltaket er innafør det som kan godkjennast.

2). Sikkerhetstrussel for borna:

Nabo har anført at dei feilparkerte bilane medfører farlege situasjonar for borna som går i området.

Ansvarleg søkjar har kommentert nabomerknaden som følger:

Utviding og tilrettelegging av areal for parkering og fortau blir gjort for å auka trafiktryggleiken for Manger skule. Mot slik det er i dag oppnår vi no å få eit markert skilje mellom bilistane og dei gåande. Parkeringsplassane vil verta merka og fortaua verta opphøgde i høve til parkerings- og trafikkarealet.

Bygningstyresmakta sin vurdering:

Tiltaket vil vesentleg betre trafiktryggleiken på parkeringsplassen ved at bilar og gåande verte meir adskilt. Fleire oppmerka parkeringsplasser, meir breidde til å snu bilar på utan å måtte rygge samt fortau vil gjere det tryggare for borna som ferdast i området og farlege situasjonar vil med dette vere unngått.

Når det gjeld parkeringsåtferda til foreldra som leverar borna sine er det noko som ikkje kommunen kan kontrollere. Ved gjennomføring av tiltaket vert kanskje denne åtferda også betra.

Det er bygningstyresmakta sin vurdering at tiltaket ligg innafør det som kan godkjennast.

Oppsummering:

Etter ein heilskapleg vurdering av tiltaket og argumenta i nabomerknaden er det bygningstyresmakta sin vurdering at nabo vert ikkje uturvande eller urimelig råka av tiltaket.

### **Naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Ing. Taule AS**, org.nr. 988103381, har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK).

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Nortrans Veg og Anlegg AS**, org.nr. 997476174, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO utearealer og landskapsutforming.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Nortrans Veg og Anlegg AS**, org.nr. 997476174, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF grunnarbeid og landskapsutforming og innmåling og utstikking av tiltak.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

### **Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.09.2015 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### **Vedtak:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for opprusting/utvidning av snuplass og parkeringsareal på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via privat veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast definert og trafikksikker, og i samsvar med godkjent situasjonsplan datert 03.09.2015.
5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
  1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:**

FØRETAK      L/S \*      FUNKSJON      TILT.KL. ANSVARSOMRÅDE

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Ing. Taule AS	S	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Nortrans Veg og Anlegg AS	S	PRO	1	Utearealer og landskapsutforming
Nortrans Veg og Anlegg AS	S	UTF	1	Grunnarbeid og landskapsutforming

Nortrans Veg og Anlegg AS	S	UTF	1	Innmåling og utstikking av tiltak
---------------------------	---	-----	---	-----------------------------------

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.5	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	kr	<u>17 600</u>
	Totalsum	kr	17 600

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**



Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 15/1650

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist/ byggesakshandsamar Line Hervig.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig  
jurist/ byggesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Radøy kommune v/Tore Rikstad

Radøyvegen 1690 5936

MANGER